

**Fra:** Merethe Tvedt <Merethe.Tvedt@meland.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 12. februar 2019 14:49  
**Til:** Paul Valheim Skarsvåg  
**Emne:** 19/2959 Meland, Fosse-Moldekleiv – Fv 245, utviding og trafikk sikring - uttale  
**Vedlegg:** Meland, Fosse-Moldekleiv – Fv 245, utviding og trafikk sikring - uttale(481667).pdf

Sjå vedlegg

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 11.02.19

Vår ref. 140/19/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Meland kommune

E-mail

## **MELAND, FOSSE-MOLDEKLEIV – FV 245, UTVIDING OG TRAFIKKSIKRING.**

Viser til brev av 02.01.19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

### **Generelle merknader**

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdier av fiske for spesielt kystsamfunna våre! «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil peike på at ein kan vere med på å gjere kystsona meir tilgjengeleg for andre ved m.a. å fjerne tau mellom land og bøyar brukt i samband med fortøying av båt når fortøyingen ikkje er i bruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for ferdsel på sjøen.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Det vil seie at ein i kommuneplansamanheng skal ivareta både lokale, regionale og nasjonale interesser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

#### **Fosse - Moldekleiv**

Det blir her søkt om å leggje «til rette for utviding og trafikksikring av vegen med tilhøyrande gang- og sykkelveg, samt oppgradering av Fossekrysset.»

Ein konstaterer at det i kommentar til Kystverket vest si uttale har sagt at «Plangrensa er i løpet av planprosessen redusert, og ein legg ikkje til grunn for planarbeidet at det vert fysiske tiltak i sjø.»

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytedefelt og kaste- og låssettingsplassar i tilknytning til reguleringsområdet. I og med at det er kaste-/låssettingsplassar blir det òg mest sannsynleg fiska med aktiv reiskap i området utan at det er registrert.

Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ein vil gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

På bakgrunn av ovannemnde har ein ikkje andre merknader enn at ein må unngå utslepp til sjø.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Fylkesmannen i Vestland


## 2 PLANOMRÅDET I DAG

### 2.1 Planområdet

Planområdet ligg i Meland kommune i Nordhordland, og følger fv. 245 frå Fossekrysset mot fv. 564 i sør, til Moldekleiv i nord ved kryss mot kommunal veg Skarpeneset. På fv. 564 frå Knarvik kjem ein til Fossekrysset, der fv. 564 *Rosslandsvegen* går vidare til kommunesenteret Frekhaug, medan fv. 245 *Ådlandsvegen* går vidare til Litlebergen, Moldekleiv og Ådland. Fv. 245 er og knytt til fv. 246 *Håtuftvegen* nord ved Moldekleiv, denne går vidare mot Grasdal og Erstad.

Planområdet fell delvis saman med strekninga som av Meland kommune vart regulert gjennom reguleringsplan for Hatleberget – Skarpeneset i 2009, men tek no med seg heile strekket frå Fossekrysset til Moldekleiv. Vidare nord for plangrensa ved Moldekleiv legg ein til grunn at eksisterande plan framleis skal vera gjeldande. Fossekrysset vart utbetra med trafikksikkerheitstiltak i 2016, men har ikkje optimal veggeometri for dei trafikkmengdene som skal gjennom krysset, og vert i dag rekna som eit trafikkarleg kryss. Forutan trafikken på Ådlandsvegen skal krysset og ta unna for trafikk frå bustadområda langsmed kommunalveg Fosse.

Frå Fosse følgjer vegen Radafjorden fram til Litlebergen. Herifrå går vegen gjennom område med dyrka mark, beitemark og skog fram til Moldekleiv. Det er nokre einebustadar, hytter og landbrukseigedommar langs vegen, forutan skule, barnhage, forsamlingshus og båthamn.



Figur 9; Strekninga beveg seg gjennom område med naturressursar, bustadområde og tenesteyting. Strekninga, Fv. 245 er synt i blått. Grunnkart henta frå Googlemaps, 2017.



FISKERIDIREKTORATET

Ospholmflua

Ospholmen

300m

dekleiv

Håøysundet

Håøyna

rossfjellet

245

Fureber

Litlebergen

Flat

Fageråsen

245

Flatøy

- Ålegrasenger
  - A - områder
  - B - områder
  - C - områder
- Gytefelt torsk MB
  - Gytefelt torsk MB
- Gyteområder
  - Gyteområde
- Oppvekst - beiteområde
  - Oppvekst - beiteområde
- Fiskeplasser - Aktive redskap
  - Fiskeplass - aktive redskap
  - Fiskeplasser - Passive redskap
  - Fiskeplasser - passive redskap
- Rekefelt - Aktive redskap
  - Fiskeplass - aktive redskap
- Låsettingsplasser
  - Låsettingsplasser
- Skjellforekomst
  - Skjellforekomst
- Fiskerihavner
  - Fiskerihavner
- Anløpskal fiskeri
  - Privat kai
  - Ukjent kai
  - Slipp/verksted
  - Bunkringsanlegg
  - Nolbøteri
  - Mottaksanlegg - aktiv
  - Mottaksanlegg - nedlagt
  - Offentlig kai

Fosse

564

Krossnes-sundet

Krossneset

toreknappen

140

163

Langeland

564

Nordhordlandsbrua

N50.51195, Ø5.21850

Fiskeridirektoratet og ND-parter